

NATTVOLLEYBALL 2022



Velkommen til ei heil natt fylt med volleyball og artige 4H-arar.

Stad

Nattvolleyballturneringa til 4H Buskerud vert i år arrangert i Thonhallen på Flå

Tid

30.april til 1.mai 2022

For kven

Turneringa er for alle juniorar og seniorar i 4H Buskerud.

Påmelding

Påmeldinga er open og påmeldingsfristen er 30.mars. Pris per. deltakar er kr. 300,- og du betaler ved påmelding med kort eller Vipps.

Leiarar og alumnar går gratis. Alle deltakarar må melde seg på Nattvolleyball 2022 som du finn på 4h.no/buskerud/ under arrangement, eller her: <https://bit.ly/3ifNTNV>

Om klubben ikkje har nok spelarar til å stille lag og ønskjer at vi sett dykk saman med andre klubbar i eit mikslag, så send 4H-kontoret ein e-post på dette.

Alle lag **må** stille med 1 vaksen leiar kvar. Påmeldte som ikkje har lag må og ha med seg leiar, eller avtale med ein annan klubb.

Mat

Det serververes middag, nattmat og frukost.

Det vil vere kiosk open under heile arrangementet.

Overnatting

Det vert høve til å sove på Flå skule ikkje langt frå hallen. Deltakarane må ha med liggeunderlag, sovepose og pute.

Aktivitetar

Det vert lagt opp til sosiale aktivitetar og andre ting å finne på utanom volleyballkampane.

Turnering

Det vert arrangert to turneringar, ei for juniorar og ei for seniorar. Desse vil starte med innleiande rundar før finalespel.

Mikslag deltek på lik linje med reine klubblag, men berre dei reine klubblaga kan vinne vandrepokalane.

Tilrettelegging for personar med særskilte behov

4H er ein organisasjon for alle. Arrangementet er tilgjengeleg for alle, sjølv om du har behov for tilrettelegging. Gje beskjed om spesielle behov direkte til oss eller når du melder deg på, slik at vi kan legge til rette for at det vert ein bra nattvolleyballhelg for alle.

Reglar

- Det vert spelt etter 4H Buskerud sine volleyballreglar.
- Alle lag skal ha minst 1 spelar av kvart kjønn på banen til ei kvar tid.
- For å få med flest mogleg kan juniorar spele på seniorlag, seniorar kan derimot ikkje spele på juniorlag.
- Kvart lag skal ha med ein leiar. Leiaren vert sett opp som nattevakt.
- Alkohol eller andre rusmiddel høyrer ikkje heime i 4H. Det er forbod mot å ha med og/eller nyte alkohol og andre rusmiddel. Tobakk inkl. snus, elsigarettar, samt energidrikker er ikkje tillat. Brot på desse forboda kan føre til at ein vert sendt heim.

Ankomst

Vi ønskjer velkommen med registrering og innkvartering i frå kl. 15.00. Turneringa startar med offisiell opning kl. 17.00

KONTAKTINFO:

E-post: 4hbuskerud@4h.no

Telefon: 902 10 708

Følg oss på www.facebook.com/Nattvolleyball og Instagram [nattvolleyball4h](https://www.instagram.com/nattvolleyball4h)

Vi gler oss til at de kjem til Flå for å spele volleyball!

Helsing i frå Vassfarbjørn 4H, Hallingen 4H, Fossekallen 4H, Åsgardane 4H og Rotneim 4H

